

BYGDENYTT

INFORMASJON FRÅ VALLE KOMMUNE



Meiropen idrettshall

Fredagar	kl. 15 - 20	Vallehalli
Laurdagar	kl. 08 - 20	Vallehalli
Sundagar	kl. 08 - 20	Vallehalli

Trivselsreglar:

1. Alle skal rydde etter seg sjølve og dei dei er saman med.
2. Alle kan også rydde etter andre viss det trengs, for hallen må vere rydda når dørene stenger.

Eitt av utstyrslogra er ope og kan nyttast når det er meiropen (ubemanna) idrettshall. Hugs: «Det eg har brukt, skal eg leggje på plass». Også sjølv om nokon andre allereie hadde henta fram utstyret før du kom. To garderoabar/toalett vil vere opne. Vi bed om at alle bidreg til å halde det ryddig der også!

Barn under 12 år skal vere i følgje med vaksen.

Tlf. nr. teknisk vakt: 970 03 800



KOMMUNEN INFORMERER

Politiske møter

Onsdag	11.03 kl. 09.00	Plan og miljøutvalet
	11.03 kl. 12.00	Levekårutvalet
Torsdag	12.03 kl. 09.00	Formannskapet
Torsdag	26.03 kl. 10.00	Kommunestyret



Aktivitetskalenderen i friskus

Valle kommune har tatt i bruk ein ny aktivitetskalender på heimesida. Med denne løysinga kan lag og organisasjonar sjølv legge inn sine arrangement. Vi meiner dette er ei betre og meir brukarvennleg ordning enn den tidlegare kalenderen.

Kommunen har ikkje lenger moglegheit til å publisere aktivitetar på vegner av andre. Det er difor viktig at alle som pleier å arrangere aktivitetar registrerer seg som arrangør for å kunne legge inn sine egne arrangement. Vi oppmodar så mange som mogleg til å ta i bruk den nye kalenderen. For å gjere det enkelt å kome i gang, inviterer Valle kommune til eit kort og praktisk kurs.

Tid og stad for kurs:

- Onsdag 11. mars
- Kl. 16.00–17.00
- Kommunehuset i Valle



Ta gjerne med eigen PC, så hjelper vi både med registrering og eventuelt å legge inn eit arrangement. Velkomen!

Om du vil prøve deg sjølv finn du sida for oppretting av arrangørsida her: www.valle.friskus.com

Solid respons på Valle kommune si bustadundersøking

Tidleg i år sende Valle kommune ut om lag 950 SMS-ar i samband med ei stor bustadundersøking. Over 40 prosent svara, noko som gjev kommunen eit svært godt kunnskapsgrunnlag vidare. Resultata viser ein tydeleg trend: Folk ønskjer å bu heime så lenge som mogleg, men med aukande alder blir leilegheit meir aktuelt – og dei fleste ønskjer å bu nær sentrum. Yngre føretrekkjer å eige ein bustad, medan eldre grupper er meir opne for leilegheit og leige.

Kommunen vil bruke funna både i bustadplanlegginga og i arbeid med andre område, som framtidig eldreomsorg. Undersøkinga blir òg eit nyttig verktøy for næringslivet ved vurdering av nye bustadprosjekt.

– Responsen viser kor viktig temaet er. No arbeider me vidare med materialet og håpar fleire kan ha nytte av det, seier Henri Tore Viki i Valle kommune.

TEKNISK AVDELING INFORMERER

Strøsand:

Valle kommune tilbyr alle innbyggjarar og hyttefolk å hente gratis strøsand på Øyne i Valle eller ved reinseanlegget på Rysstad. Hugs å hente bømtevis, ikkje tilhengarlass, slik at det blir nok til alle.

KULTUR OG FRITID INFORMERER

Kulturmidlar

Valle kommune deler ut kulturmidlar til frivillige lag og organisasjonar. Den totale summen som blir delt ut er kr. 75 000. Søknadskriteria og søknadsskjema finn du på Valle kommune sine heimesider. Vi gjer merksame på at søknaden må leverast elektronisk. Søknadsfrist **15. mars**.

Opning av nye Valle Kultursenter

Bli med når vi opnar dørene til det splitter nye Valle kultursenter! Heile helga blir ei stor feiring for både små og store – bygdefolk og tilreisande.

På programmet finn du blant anna:

- Føropning av ungdomsklubben med pool party, DJ og moro
- Kunstavdukingar
- Konsertar og framsyningar
- Festarrangement
- Barnas dag
- ...og mykje meir!

Set av helga 17 - 19. april – dette blir ei skikkeleg folkefest i Valle!

FASTE ARRANGEMENT I SÆBYGGJEN

Babysong onsdagar kl. 12.30-13.00

Allsong for vaksne onsdagar kl. 16.30-17.30

Språkkafe torsdagar kl. 18.00

Påskmøte mellom kommunen og hyttefolket

Onsdag 01.04 kl. 10.00 - 12.00 Sæbyggjen, Kyrkjestoga

Viss du har forslag til tema vi bør ta opp i møtet høyrer vi gjerne frå deg!
Send ditt innspel til torunn.charlotte.nyberg@valle.kommune.no
eller på messenger til facebookside Kultur i Valle.

FRIST FOR INNSENDING AV STOFF TIL BYGDENYTT ER 20. MARS.

Send på e-post til sentralbord@valle.kommune.no

RETNINGSLINER FOR TILDELING AV UTVIKLINGSSTIPEND INNAN IDRETT OG KULTUR FOR UNGDOM

Valle kommune støttar frivillige lag og foreiningar som driv lovleg kulturarbeid. Midlane skal i hovudsak fordelast etter kor mykje aktivitet laget har. Lag bør ha pengar til vanlig drift sjølve. Kva kan ein søkje om?

- Støtte og underskotsgaranti for mindre arrangement i kommunen.
- Prosjektstøtte for tiltak som når mange innbyggjarar.

Søknaden må innehalde skildring av tiltaket og enkelt budsjett (inntekter og utgifter).

Krav til søknaden:

- Laget må vere registrert på kommunen si heimeside, her: Kultur og fritid / Lag og organisasjonar

Søknaden skal sendast inn på elektronisk skjema, og innehalde:

- budsjett for søknadsåret (ev. tiltaket/prosjektet de søkjer tilskot til)
- forenkla rekneskap frå førre år, signert av revisor
- kort årsmelding

Store avvik frå tidlegare aktivitetsplan kan gi avslag.

Meir info finn du på www.valle.kommune.no /Kultur og fritid

Frist: 15. mars

Søknadene blir vanlegvis handsama i Levekårutvalet i april. For seint innleverte eller mangelfulle søknader blir normalt ikkje behandla.

VALLE RADIO

Tysdag kl. 18 Sending

Onsdag kl. 19 Sending

Vi sender også kommunestyremøta og styremøta i Setesdal Regionråd med reprise kl.18.00 same dag.

Ta gjerne kontakt viss du har tips om noko vi kan ta med «på lufta». Bruk lokalradioen!

Epost: post@valleradio.com

Facebook: Valle Radio

Heimeside: www.valleradio.com



VALLE RADIO

MOBILT PASS- OG ID-KONTOR 1. HALVÅR 2026

Valle og Bykle politistasjon Kjellebergsveien 12, 4747 Valle

Måndag 04.05 kl. 12.30 - 15.15

Tysdag 05.05 kl. 08.15 - 15.30

PROGRAM OG KONSERT PÅ ONSDAGSKAFEEN - VALLE BYGDEHEIM

Onsdag 04.03 kl. 10.30 Konsert med Vidar Frøysnes

Onsdag 11.03 kl. 11.00 Konsert med Britt- Synnøve Johansen og Rasmus Solem

Vi er glade for å ynskje Britt-Synnøve Johansen og pianisten Rasmus Solem tilbake til Valle! Britt-Synnøve er kjend for si sterke formidlingsevne og for tolkingar av alt frå Édith Piaf til tango og musikalar.

I Valle presenterer dei musikk frå albumet Kveldslys – omtala som hennar sterkaste utgiving – samt songar frå Piaf-repertoaret. Gratis inngang – alle er hjarteleg velkomne til ei varm og nær konsertoppleving!



Onsdag 18.03 kl. 11.00 Evelyns Magasin - klesmote

Onsdag 25.03 kl. 10.30 Påskeavslutning med påskebingo



Laurdag 11.04 kl. 11.00 Basar på Valle bygdeheim

Velkomen til basar med flotte premiar som setesdalsgenser, saueskinn, storsekk med ved, bålpanne og mykje anna!

Trekninga er kl. 16.00.

Elles er det onsdagskafe med sosialt samvær på Valle bygdeheim **kvar onsdag frå kl. 10.30.**

Her er det og moglegheit for å kjøpe seg middag til ein billig penge.

Treng du skyss kontakter du oss på tlf 945 04 448 same dagen frå kl. 08.00 - 09.00.

KURS I Å LAGE TRESKI - STUDIEFORBUNDET

Kurs i å lage treski på sløyden ved Valle skule. Kursleiar er Tarjei Gjelstad frå Morgedal og tek ca 24 timar.

Tidspunkt

Torsdag 12.mars frå kl.18-21

Fredag 13.mars frå kl. 09-19

Laurdag 14.mars frå kl. 09-16

Sundag 15.mars frå kl. 09-13



Maks 6 deltakarar.

Påmeldingsfrist innan 5.mars.

Pris 5000 kr.

Dersom du vil ha moderne bindingar må du skaffe dette sjølv.

Vidjebinding får du av kursleiar.

Skiemne kostar kr. 400. Dette får du kjøpt av kurshaldar fyrste kurskvelden.

Kursleiar tek med alt av nødvendig verktøy.

Påmelding til Ingunn Anette Bratteland

Tlf. 997 14 073

E-post: ingunn73@hotmail.com

VALLE FOLKEBIBLIOTEK

Onsdag 04.03 kl. 19.00 Sæbyggjen

Foredrag med astrofysikar Knut Jørgen Røed Ødegaard.

Språkkafe

Torsdag 05. mars kjem språkkafeen i Bykle til oss.

Torsdag 19. mars går språkkafeen ut pga. foredrag i Hylestad Soknehus.

Møteplass for VGS-elevar måndagar i oddetalsveker kl. 18–20.

Minner om nye opningstider på onsdagar, kl. 13–20.

Biblioteket vurderer å starte ein fast, månadsleg temakveld om og for lokalsamfunnet – ein uformell møteplass der folk kan samlast, lytte, dele og bli kjende gjennom det som rører seg i bygda.

Temakveldane kan ta for seg alt frå tradisjonar, handverk og historie til engasjement og kvardagsliv i Valle. Kanskje nokon vil fortelje om veving, kveding eller munnharpe? Eller eit lag, ei bedrift eller ein organisasjon vil dele arbeidet sitt – som Valle IL eller Folkeakademiet? Det kan òg bli rom for samtalar og debattar om aktuelle tema.

Biblioteket legg til rette, men innhaldet skapar vi saman med dykk. Har du ein idé, ei historie eller eit tema du vil løfte fram? Vi håpar du tek kontakt og blir med på å forme temakveldane.

Tanken er at temakveldane vil gå føre seg på onsdagar når biblioteket har kveldsopent til kl. 20.

Ta kontakt på valle.bibliotek@valle.kommune.no eller 945 03 280.

FOLKEAKADEMIET - FOREDRAG OM HULDA GARBORG


Arnhild Skre: Et dypdykk i Hulda Garborgs liv

Torsdag 19.03 kl. 19.00 Hylestad soknehus



Den prisvinnande biografen Arnhild Skre gjestar lokalmiljøet vårt med eit foredrag om den nasjonale strategen Hulda Garborg. Med bakgrunnen sin som historikar og prisvinnande forfattar, fører Skre ein av dei mest komplekse kvinnene i noregshistoria ut av skuggen.

Arr: Valle folkeakademi og Valle folkebibliotek



UKM Valle og Bykle går av stabelen laurdag 14. mars på Hovden!



ALLIDRETT

Fredag 06.03 kl. 19.00 Vallehalli

Velkomen til ein sosial og kjekk klubbkveld for alle!

Program:

Bli med på turnering i volleyball og/eller dart – flotte premiar!

Andakt ved Hallvard Hageland frå Hovden Skigymnas.

Servering: Gratis pizza, kake og frukt.

Friviljug medlemskontingent: kr 50,-



BASAR - GRENDEHUSET I BROKKE

Laurdag 21.03 kl. 12.00 Garane grendehus

Set av laurdagen og kom innom for ei god suppeskål, kjøp nokre lodd og støtt laget i drifta av grendehuset og dei ulike arrangementa våre.

Trekning kl. 17.00.

Lodd kjøper du enkelt på Vipps nr. 593573.

Hugs å merke betalinga med telefonnummer, slik at me kan sende melding dersom du vinn.

Pris per lodd: kr 10,-

Gevinstar:

Gåvekort på COOP kr 3000,-


2 stk gåvekort på COOP kr 1000,-

Saueskinn

... og mykje meir!

Har du ikkje Vipps, men ynskjer å kjøpe lodd?

Bruk bankkonto 2890.20.81285, eller kontakt Jorunn på 908 95 943 innan 19. mars.



PÅSKEBASAR - OVEINANG GRENDELAG

Tysdag 31.03 kl. 10.00 Oveinang grendehus

Oveinang grendelag inviterer til den årlege påskebasaren! Det vert sal av årer og lodd, samt tradisjonsmat, vaflar, kaffi og brus.

Det blir førehandssal av lodd på Coop Prix Valle og Joker Valle.

Flotte premiar, mellom anna:

Utemøbler

Rosemåla kiste

Saueskinn

Andre fine gevinstar frå lokale verksemder



På åresalet kan du òg vinne både kransekaker og blautkaker.

Velkomne!

VALLE OG HYLESTAD SOKN

DAG	DATO	KLOKKA	KVA	KOR
Sundag	08.03	kl. 11.00	Gudsteneste	Valle kyrkje
Tysdag	17.03	kl. 18.00	Bøn for verda	Bykle kyrkje
Onsdag	18.03	kl. 11.00	Andakt	Valle bygdeheim
Sundag	22.03	kl. 16.00	Gudsteneste	Hylestad kyrkje

Ynskjer du skyss til kyrkja kan du ringe Astrid Nomeland, tlf. 911 84 706.

Kyrjekontoret i Valle: tlf. 977 84 706
e-post: post@valle.kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA

Valle og Hylestad sokn

Meir himmel på jorda

SKAFSÅHEII FJELLKYRKJE

Diakonal gang gjennom Vest-Telemark gjennom 35 år.

Fredag 06.03 kl. 19.00 Skafsåheii Fjellkyrkje

Prostidiakon Eilev Erikstein kjem for å gje oss nokre tilbakeblikk av det han har opplevd.
Kaffi og noko å bite i.
Kolleks til drift av Fjellkyrkja.

Velkomen!
Arr: Fjellkyrkjelaget



NOMELAND BEDEHUS

Torstein Landås
Tysdag 10. mars kl. 19.00

Arvid Hunemo
Tysdag 17. mars kl. 19.00
Onsdag 18. mars kl. 19.00
Torsdag 19. mars kl. 19.00

Viggo Wilhelmsen
Fredag 27. mars kl. 19.00
Laurdag 28. mars kl. 19.00
Sundag 29. mars kl. 11.00

Alle er hjarteleg velkomne!



SETESDALSMUSEET

Torsdag 05.03 kl. 18:00-21:00 Setesdalsmuseet

Workshop Handlingsplan for Setesdal spelemannslag – Meir info om arrangementet finn du på facebook og vår nettside www.setesdalsmuseet.no

Tysdag 31.03 kl. 12:00-15:00 Setesdalsmuseet

Påskeverkstad på Setesdalsmuseet – Meir info om arrangementet finn du på facebook og vår nettside www.setesdalsmuseet.no

ÅRSMØTE I BYKLE OG VALLE KUNSTLAG

Velkomen til årsmøte i Bykle og Valle kunstlag.

Onsdag 15.04 kl 18.00 Bykle hotell

Vanlige årsmøtesaker, orientering om opning av nye Valle kultursenter og servering av mat.

Kan du tenke deg å sitte i det nye styret? Ta kontakt!

Saker du ynskjer at årsmøtet skal behandle, må sendast til styret v/ Ella Uleberg (959 69 999)

innan 22. mars. Påmelding innan 1.april til

Ewald Assmann (406 24 928).

Helsing styret.



STIPEND TIL UNGE FOLKEMUSIKARAR OG FOLKEDANSARAR I AGDER OG TELEMARK

Sparebanken Norge deler kvart år ut eit stipend på 50 000 kr og diplom til ein aktiv utøvar mellom 18 og 30 år frå Agder eller Telemark. Stipendet blir administrert av Setesdal Spelemannslag og delt ut under Setesdal Folkemusikkfestival / Landskappleiken 24.–28. juni 2026.

Søknad:

Send ein kort presentasjonsvideo (spel/syng/kved/dans) og ein konkret eittårig plan. Rapport skal leverast etter gjennomføring.

Kriterium:

- 18–30 år.

- Aktiv utøvar.

- Fødd eller tilflyttar til Agder/Telemark.

Døme på tiltak: studieopphald, læring hos meister, utvikling av formidlingsevne.

Søknadsfrist: 1. mai.

Vinnar klar: 1. juni.

Utsending av resultat: innan 10. juni.

Søknad til:

post@setesdalspelemannslag.no

eller per post til Astri Rysstad, Malmvegen 17 G, 4755 Hovden



FOLKEAKADEMIET
PRESENTERER



Pensjonistforbundet


3 ÅR MED KRIG NOE HÅP FOR FRED

MELLOM RUSSLAND OG UKRAINA?

STED: Sølvgården, Rysstad

DATO: 13. mars, kl. 19

PRIS: 100 kr for medlemmer
200 kr for ikkje medlemmer
Ungdom under 25 år gratis



MORTEN JENTOFT
Journalist og forfatter
Tidligere utenrikskorrespondent

Arrangører:
Folkeakademiet Valle
og Valle pensjonistlag

VIL DU VERE FRIVILLIG PÅ LANDSKAPPLEIKEN?

I 2026 kjem Landskappleiken for første gong til Hovden i Setesdal, med Setesdal Spelemannslag som stolt arrangør. Laget arbeider for å løfte fram den unike setesdalske tradisjonen med dans, spel og kveding – innskriver på UNESCO si liste over norsk immateriell kulturarv.

Vi treng frivillige!

Frivillige er heilt avgjerande for at deltakarar, dommarar og publikum skal få ei god oppleving – og for å vise Hovden og Setesdal frå si beste side.

Det finst oppgåver for alle: matlaging, servering, rydding, vakthald, rigging, følgje utøvarar, aktivitetar for born og unge m.m. I skjemaet kan du melde inn kva du ønskjer å bidra med.

Som frivillig får du:

- T-skjorte
- Mat og drikke i vakta
- Invitasjon til dugnadsfest
- 1 vakt: valfri dagsbillett
- 2+ vakter: gjennomgangsbillett inkl. Meisterkonserten

Kontaktperson for frivillige:

Liv Hilde Holm
Tlf: 906 10 215, E-post: frivillig2026@landskappleiken.no



KVA SKJER I VALLE KOMMUNE - MARS

DATO	STAD	TID	KVA SKJER
02.03.	Hylestad Soknehus	17/19	Bygdekinoen
04.03.	Valle bygdeheim	10.30	Konsert med Vidar Frøysnes
04.03.	Kyrkjestoga, Sæbyggjen	19.00	Foredrag med astrofysikar Knut Jørgen Røed Ødegaard
05.03.	Setesdalsmuseet	18.00	Workshop Handlingsplan for Setesdal spelemannslag
06.03.	Vallehalli	19.00	Allidrett
06.03.	Skafsåheii Fjellkyrkje	19.00	Diakonal gang gjennom Vest-Telemark gjennom 35 år
08.03	Valle kyrkje	11.00	Gudsteneste
11.03.	Valle kommunehus	16.00	Kurs i Friskus aktivitetskalender
11.03.	Valle bygdeheim	11.00	Konsert med Britt- Synnøve Johansen og Rasmus Solem
13.03.	Sølvarden	19.00	Foredrag med Morten Jentoft
14.03.	Hovden grendehus	10.00	UKM - Valle og Bykle
15.03.	Bykle hotell	18.00	Årsmøte i Valle og Bykle kunstlag
16.03	Hylestad soknehus	17/19	Bygdekinoen
18.03.	Valle bygdeheim	11.00	Evelyns klesmote
19.03.	Hylestad soknehus	19.00	Foredrag om Hulda Garborg
21.03.	Valle folkebibliotek	11.00	Påskeverkstad
21.03.	Garane grendehus	12.00	Basar
22.03.	Hylestad kyrkje	16.00	Gudsteneste
25.03.	Valle bygdeheim	10.30	Påskeavslutning med påskebingo
30.03.	Hylestad soknehus	17/19	Bygdekinoen
31.03.	Oveinang Grendehus	10.00	Påskebasar